

## ***Velkommen til sjukeheimen i Selje Kommune SELJETUNET OMSORG OG REHABILITERING***

***Denne informasjonsfoldaren er for deg som har eit kort eller eit langt opphald i avdelinga, og til de som er pårørande.***

***Vi ynskjer å presentere avdelinga med å gje praktisk informasjon, og å formidle våre ynskjer og mål for opphaldet ditt.***



***Når ein skifter adresse til ein sjukeheimsavdeling kjem ein inn i eit bufellesskap med andre. I tillegg må du i større eller mindre grad overlate gjeremål du tidlegare har meistra sjølv, til personalet.***

***Vi ynskjer at du på tross av desse endringane i livet skal få bestemme over dagen din og korleis du vil leve. Dine behov skal vera retningsgivande for vårt arbeid og korleis vi organiserar oss.***

***For å skape tillit, tryggleik og trivnad, må vi vera tilgjengelege, opne og imøtekomande for deg som bur her, for dykk som pårørande og besøkande, og for kvarandre som kollegaer.***

## Generelt om sjukeheimen.

Dine rettar og våre pliktar er ivaretatt av mellom anna med desse to lovene:

**Pasientrettigheitslova** seier at formålet med lova er å sikre deg helsehjelp av god kvalitet, og at du skal ha rettar ovanfor helsetenesta. Vidare skal lova bidra til å fremje tillitsforholdet mellom pasient og helsetenesta og ivareta respekten for den enkelte pasients liv, integritet og menneskeverd.

**Helsepersonelloven** seier at den som hjelper deg skal gje fagleg forsvarleg og omsorgsfull helsehjelp.

Seljetunet omsorg og rehabilitering har 32 plassar fordelt på 4 avdelingar. Kvar avdeling har 8 plassar med einerom med dusj og toalett, med unntak av avd.A kor fire av romma har plass til to. Dette er fordi ein der tek i mot pasientar på korttidsplassar, og til rehabilitering.


Ei av avdelingane i fyrste etasje er for dei som er demente og treng skjerming.

## Bemanning og kompetanse.

Dei aller fleste av betjeninga er fagutdanna. Vi har og nokre erfarne assistentar. I helgane og i ferier har vi ofte ein del unge vikarar som nok kan mangle kompetanse, men som kompenserer med entusiasme og glød. Dette medfører at dei ikkje har like inngående kunnskap om kvar enkelt pasient og om kva som skjer i avdelinga. Vi foreslår at du ber om å få snakke med ansvarleg sjukepleiar eller kan hende gjer avtale over helga dersom du ikkje får svar på det du ynskjer.

Det er sjukepleiar på vakt heile døgnet, anten i avdelinga eller ved ei anna avdeling på huset.

I helgane er det lågare bemanning.



## **Primærsjukepleie.**

Med primærsjukepleie meiner ein at ein autorisert helsearbeidar har hovudansvaret for omsorga og kontakten med den enkelte pasient og deira pårørande. Kvar pasient har ein primærsjukepleiar og ein primærkontakt. Sjukepleiaren tek seg av det sjukepleiefaglege og kontakt med lege, og primærkontakten har ansvar for kle, rom og private avtaler. Primærsjukepleiar har ansvar for oppfølging av pasientane med tanke på

- planlegging og dokumentasjon av arbeide
- oppfølging av kontroller og undersøkingar
- vurdering av ernæringsstatus og om nødvendig ta stilling til ulike tiltak
- oppfølgingssamtaler med pårørande
- finne praktiske løysingar for gruppa

Etter innkomst skal ein eller begge desse kontaktane ha ein innkomtsamtale med dykk, og kartleggje kva dykkar ynskjer og forventningar til opphaldet er. I denne permen finn du ei oversikt over kven som er dykkar primærsjukepleiar og primærkontakt.



## **Rapporter og møter.**

Personalet har daglege rapporter ved vaktskifte. Tider for dette er ca 08.00-08.15, 15.00-15.30, og 22.00-22.15.

## **Dokumentasjonsplikt.**

Loven pålegg helsepersonell å registrere og nedteikne opplysningar om den enkelte pasient. Dette vert gjort i den elektroniske journalen. Opplysningane er konfidensielle og berre dei som treng det i arbeidet sitt, skal ha tilgang og dei har teieplikt.

## **Telefon og post.**

Dei fleste romma har innlagt telefon. Du kan ta med deg telefon, men får eit nytt telefonnummer. Du kan og nytte mobiltelefon. Personalet har berbare telefoner. Se kontaktliste.

Posten leverast i 1.etasje og omdelast av personale, eller du kan hente den sjølv.

Adressa til sjukeheimen er:

**Seljetunet omsorg og rehabilitering**

**6740 Selje**

## **Besøktid.**

Her på Seljetunet har vi ikkje fast visittid. Er døra stengt kan ein nytte ringeklokka ved hovuddøra, eller ringe til sjukeheimstelefonen. Etter middag kviler dei fleste ein times tid.

## **Måltider.**

Tidspunkt for måltida er:

- ❖ Frokost frå ca. kl.09.00
- ❖ Middag frå ca. kl.13.00
- ❖ Ettermiddagskaffe frå ca. kl.15.30
- ❖ Kveldsmat frå ca kl. 18.00

Middagen kjem frå hovudkjøkkenet på huset, og vert servert på avdelingskjøkken. Alle andre måltid vert tillaga på avdelingskjøkken. Om noen ynskjer mat utanom måltida er det noko vi gjerne er behjelpelege med.

Vi veit at ernæring kan være eit problem hos nokon som bur i sjukeheim, og har difor eit oppfølgingsskjema som kan fange opp om du er i faresona for underernæring.

## **Kjøkken.**

Seljetunet har eit produksjonskjøkken som leverer fersk middag alle kvardagar. I helgane vert maten varma på gruppekjøkkena. Kjøkkenet leverer også heimebaka brød.

## **Høgtid og fest.**

Ved feiring av fødselsdag kan ein nytte pasientens private rom, eller endestovene som er på kvar avdeling. Til større feiringar kan og møterom i 2.etasje nyttast.

Vi har servise og dukar. De kan koke kaffi på avdelingane og rydde og vaske opp sjølv.

Sjukeheimen arrangerer to fester for året, ein jule/adventsfest og ein sommarfest. Pårørande vert invitert.



## **Samtaler med pårørande.**

Vi tenker på pårørande som ein ressurs både for pasient og for tilsette i avdelinga, og vi ynskjer eit nært samarbeid med dykk. Å være pårørande til ein sjukeheimspasient kan for mange opplevast som ein stor utfordring.

Vårt mål er å ha ein positiv dialog og at vi er tilgjengeleg og synleg når de treng oss.

I tillegg til uformelle møter og samtalar, vil vi invitere pårørande til ein samtale minst ein gong i året. Det er og mogleg å be om samtalar ved behov utanom dei faste møta.

## **Tilbod til pasientane ved avdelinga.**

### **Lege.**

Tilsynslege er på sjukeheimen onsdag kvar veke, og har tilsyn med ein gruppe og elles der det er behov. Det vert tatt blodprøver som rutine kvar 3.månad.

Andre prøver vert gjort etter behov.

Pårørande kan be om samtale med lege, elles går kontakten gjennom primærskjepleiar og vakthavande skjepleiar.

### **Tannlege.**

Pasientar som bur på sjukeheimen får nytte den offentlege tannhelsetenesta gratis. Tannlegen har tilsyn ein til to gongar pr. år, og kontaktast av personale om det vert naudsynt.

### **Fysioterapi.**

Kommunen har avtale med fysioterapeut som har nokre timer til fordeling på pasientane på huset. Vi har eit stort ynskje om meir tid av denne tenesta, særskild med tanke på at vi og tek imot pasientar frå sjukehusa som kjem til rehabilitering.

Vi har eit fint treningsrom med gangbane, sykklar, ribbevegg og diverse utstyr som kan nyttas med eller utan fysioterapeut. Avtal med personale når dette kan nyttast.

### **Frisør.**

Vi har inga fast frisøravtale, men forsøker å leige inn frisør 4-5 gongar i året. Vanleg vask og legg vert gjort av det faste personale ved dusjing.

### **Fotpleie.**

Vi har avtale med fotpleiar som kjem på huset. Behandling som ikkje er medisinsk grunna vert betalt av pasienten.

### **Klesalg.**

Det kjem av og til firma som sel kle på huset. Pasienten kan handle kle og betale eller få ein giro. Vi kan og handle til dei etter ynskje.

## **Personlege eigedomar.**

**Klede:** Pårørande lyt merke pasientens klede med namn. Dei vert vaska her på huset av personale. Kjøp helst klede som tåler ein del vask. Sær fine klede bør ein ta heim og vaske sjølv. Namneband kan ein bestille på nettet.

**Pengar:** Mange ynskjer å ha litt pengar liggande. Ein kan oppbevare små summer på rommet, eller vi kan låse det ned i arkivskapet vårt.

**Møbler og anna:** Pasientar med fast plass kan ta med seg møbler og bilete for å gjere romma meir personlege. Romma er ikkje så store så ein lyt tenke på at dei ikkje vert for fulle. Om ein vil ha eigne gardiner må dei vere av flammehemmande stoff.

Vi tar oss av reingjeringa av romma, men set stor pris på at pårørande steller planter, tørker støv av smånips, rydde i skap, og ser over kle.

**Du har fått plass ved Seljetunet omsorg og rehabilitering.**

Avdeling .....

Rom nr .....

Telefon på rommet: .....

Leiar: Ragna Haaland

Primærsjukepleiar: .....

Primærkontakt: .....

Tilsynslege : dr. Gunnar Peter  
Legevisitt onsdagar

Telefon Seljetunet : 57858900

Telefon til leiar : 57858930

Telefon til sjukepleiar : 57858918  
57858919

Telefon til avdelinga : .....  
.....